

Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Storstova
Dato:	24.06.2026
Tid:	Kl. 13:30 - 14:00

Følgjande medlem møtte

	Parti
Astri Thorsen Landøy	AP
David Charles Matheson	AP
Frank Hatløy	H
Jan Arne Lilletofte	H
Marit Klausen	H
Ole André Klausen	H
Åse Karin Helle Loftheim	H
Oddgunn Keilegavlen Grane	KRF
Frank Ask	SP
Kjell Kristian Carlsen	SP
Tormod Selvik	SP
Anne Kari Iversen	SV
Gaute Losnegård	SV
Arnt Henning Blom	V

Forfall meldt frå følgjande medl.

	Parti
Frøde Andre Devig	H
Ruben Fedøy	H
Tormod Johansen Ådlandsvik	H
Vilde Vårdal	SP
Alice Hestad Vie	SV
Anja Grov Johnsen	UAVH
Julie Ovedie Gabrielsen	V

Følgjande varamedlem møtte

	Parti
Erna Nekkøy	H
Magne Vårdal	SP
Odin Andre Hestholm	SV
Jorunn Stubseid	H
Silje Bjørge	V

Merknader:

Orienteringar

Møtet starta med budsjettkonferanse i forkant av kommunestyremøtet. Presentasjon er lagt ved som referatsak i etterkant av møtet.

Offentleg spørjetid:

Spørsmål frå Førdefjorden Vel om byggefelt på Høgda

Det er lite blest rundt tomtene i byggefeltet på Høgda. Mykje av årsaka er truleg høge byggekostnader og usikkerheit kring rentenivå. Førdefjorden vel meiner likevel at det kan gjerast meir for å profilere byggefeltet, og har plan om å kontakte Firda med invitasjon til å lage ei reportasje om området vårt og det byggeklare feltet. Dette for å synleggjere tomtene og samstundes nytte drahjelpa rassikring ved Hundsåna kan gje området.

Førdefjorden vel utfordrar i så måte, Askvoll kommune til å halvere tomteprisen, og tilby kr. 300.000,- per tomt ut 2026.

Vi meiner at sidan kommunen allereie har tatt kostnaden med opparbeiding av feltet, vil alt tomtosal vere positivt for kommuneøkonomien sjølv om dei vert selt for under kostpris. Ei tidsavgrensing av «tilbodet» vil få dei som potensielt sit på gjerdet til å handle.

Førdefjorden vel håpar på ei positiv tilslutning til forslaget, då vi har tru på at dette er eit tiltak som kan vere medvirkande til å auke busetjing i Askvoll kommune.

Svar: Tidlegare har kommunen hatt ei ordninga med billige tomtar som ein del av kommunen sine tiltak for å få ungdom til å etablere seg eller verte verande i kommunen. Ordninga vart avslutta i K.sak 010/22, der vurderinga var: «Det har vist seg at attraktive tomter er viktigare enn prisen når ein familie skal ta avgjerd om å investere milionar i ny bustad og at mykje av bygginga har skjedd på private tomter/tomtefelt.»

Subsidiering av tomter er i stor grad ei politisk avgjerd, tomtene vart i samband med låneopptaket i sak 044/23 sett til sjølvkost, då og etter samanlikning med tomtepriser i nærområdet

Spørsmål om industriområdet på Olset v/ Frank Hatløy

Etableringen av industriområdet på Olset ble gjennomført for å kunne tiltrekke seg nye industriselskaper. Usikker på om gevinsten av disse investeringene! Infrastruktur synes å være bra utbygget, mens «utseende» på områdene er IKKE innbydende for noen, å etablere seg.

Som en ser av bildene er det flere forhold som enkelt kan utbedres. Hvem har ansvaret for å gjennomføre et løft på områdene? Kan Kommunen pålegge eksisterende bedrifter til å utbedre områdene?

- fyllinger ikke plastret el.
- Pga. manglende grøfting blir veier ødelagt (huller i veibanen)
- Grøfter ligger åpne (over lang tid)
- På et sted ligger en trailer som naturen er på vei til å ta over.



Svar: Området er i stor grad i kommunalt eige, og det vert difor eit spørsmål om kva som skal prioriterast. Generelt sett er område som dette ikkje prioritert, til liks med t.d. ubyggd tomteareal. Vegen er kommunal heilt fram til, og gjennom industriområdet, dette gjeld og grøftene som er å rekne som ein del av vegen.

Manglande plastring av fylling er ikkje noko vi kan pålegge, med mindre det er snakk om fare for omgjevnadane. Bilar og køyretøy som er sett att i naturen er å rekne som ulovleg forsøpling, her har eigar av køyretøyet plikt til å rydde opp. Hvis eigar er ukjend eller nekter, kan kommunen pålegge fjerning eller få politivedtak på fjerning. Kommunen må då garantere for dekking av kostnadane dersom det ikkje lukkast for den som fjerner køyretøyet å drive inn kravet.

Spørsmål om Atløysambandet v/ Oddgunn K. Grane

Kan ordføraren orientere om prosessen rundt omkampen knytt til Atløysambandet og vegen vidare?
Ordføraren svarte i møtet.

Spørsmål om Bøparken v/ Anne Kari Iversen

Anne Kari Iversen spurte om status på trampoline i Bøparken

Svar: Kommunen har fått midlar til nye trampolinar, desse kjem opp denne veka.

Signering av protokollen

Til å skrive under og godkjenne møteprotokollen vart valde: Odin Hestholm og Jorunn Stubseid

Møteleiar: Ole Andrè Klausen
Møtesekretær: Loftheim, Sarah Louise

Underskrifter:

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
024/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
025/26	Godkjenning av protokoll
026/26	Årsrekneskap og årsmelding for 2025
027/26	Kommunalt måldokument for forvaltning av hjortevilt 2026-2030, Askvoll kommune
028/26	Årleg tilsynsavgift frå salssteder for tobakksvarer
029/26	Prosjektplan utviklingsnettverk for berekraftig omstilling
030/26	Referatsaker
1	Presentasjon budsjettkonferanse 24.06.2026

024/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

24.06.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting - samrøystes

KOM- 024/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre

025/26: Godkjenning av protokoll

24.06.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting - samrøystes

KOM- 025/26 Vedtak:

Protokollen vert godkjent slik den ligg føre

026/26: Årsrekneskap og årsmelding for 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Askvoll kommunestyre godkjenner den framlagte driftsrekneskapen for 2025 med dei dipsoneringane som er gjort.
2. Askvoll kommunestyret vedtek å dekke akkumulert framførbart underskot på totalt 718 037 for sjølvkostområdet vatn og ureiningsmynde i framtidige avgifter.
3. Askvoll kommunestyret godkjenner den framlagte investeringsrekneskapen for 2025 med dei disponeringane som er gjort.

4. Kommunedirektøren får fullmakt til å vidareføre unytta budsjett fra investeringsprosjekt som ikkje er avslutta i 2025 til budsjett 2026.
5. Askvoll kommunestyre godkjenner årsmeldinga for 2025.

05.06.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting - samrøystes

FOR- 058/26 Vedtak:

1. Askvoll kommunestyre godkjenner den framlagte driftsrekneskapen for 2025 med dei disponeringane som er gjort.
2. Askvoll kommunestyret vedtek å dekke akkumulert framførbart underskot på totalt 718 037 for sjølvkostområdet vatn og ureiningsmynde i framtidige avgifter.
3. Askvoll kommunestyret godkjenner den framlagte investeringsrekneskapen for 2025 med dei disponeringane som er gjort.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å vidareføre unytta budsjett fra investeringsprosjekt som ikkje er avslutta i 2025 til budsjett 2026.
5. Askvoll kommunestyre godkjenner årsmeldinga for 2025.

24.06.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting - samrøystes

KOM- 026/26 Vedtak:

1. Askvoll kommunestyre godkjenner den framlagte driftsrekneskapen for 2025 med dei disponeringane som er gjort.
2. Askvoll kommunestyret vedtek å dekke akkumulert framførbart underskot på totalt 718 037 for sjølvkostområdet vatn og ureiningsmynde i framtidige avgifter.
3. Askvoll kommunestyret godkjenner den framlagte investeringsrekneskapen for 2025 med dei disponeringane som er gjort.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å vidareføre unytta budsjett fra investeringsprosjekt som ikkje er avslutta i 2025 til budsjett 2026.
5. Askvoll kommunestyre godkjenner årsmeldinga for 2025.

027/26: Kommunalt måldokument for forvaltning av hjortevilt 2026-2030, Askvoll kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Askvoll kommune vedtar Kommunalt måldokument for forvaltning av hjort 2026-2030, slik det ligg føre.

24.06.2026 Komité næring, miljø og teknikk

Handsaming:

Røysting - samrøystes

PNT- 020/26 Vedtak:

Tilråding til kommunestyret:

Askvoll kommune vedtar Kommunalt måldokument for forvaltning av hjort 2026-2030, slik det ligg føre.

24.06.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting - samrøystes

KOM- 027/26 Vedtak:

Askvoll kommune vedtar Kommunalt måldokument for forvaltning av hjort 2026-2030, slik det ligg føre.

028/26: Årleg tilsynsavgift frå salssteder for tobakksvarer

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Askvoll kommune innfører tilsynsavgift for salssteder for tobakksvarer tilsvarende kroner 3 600 per faste utsalssted, samt loven si maksavgift på mellombelse salssteder, jf. forskrift om registrerings- og bevillingsordning for tobakksvarer §33.

Administrasjonen får fullmakt til å regulere prisen dersom det er betydelege endringar i utgifter knytt til den som utfører tilsynet eller til administrasjonen.

24.06.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting - samrøystes

KOM- 028/26 Vedtak:

Askvoll kommune innfører tilsynsavgift for salsstader for tobakksvarer tilsvarande kroner 3 600 per faste utsalssted, samt loven si maksavgift på mellombelse salssteder, jf. forskrift om registrerings- og bevillingsordning for tobakksvarer §33.

Administrasjonen får fullmakt til å regulere prisen dersom det er betydelege endringar i utgifter knytt til den som utfører tilsynet eller til administrasjonen.

029/26: Prosjektplan utviklingsnettverk for berekraftig omstilling

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek prosjektplan for deltaking i utviklingsnettverk for berekraftig omstilling slik den ligg føre

24.06.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting - samrøystes

KOM- 029/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek prosjektplan for deltaking i utviklingsnettverk for berekraftig omstilling slik den ligg føre

030/26: Referatsaker

24.06.2026 Kommunestyret

Handsaming:

KOM- 030/26 Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

1: Presentasjon budsjettkonferanse 24.06.2026

24.06.2026 Kommunestyret

Handsaming:

KOM- 1 Vedtak: